



DET KONGELIGE
MILJØVERNDEPARTEMENT

Rundskriv
T-1/2002

Tilskotsordninger for 2003

Ordningane omfattar områda naturforvaltning,
kulturminnevern, forureining og byutvikling



DET KONGELIGE
MILJØVERNDEPARTEMENT

Rundskriv
T-1/2002

Tilskotsordninger for 2003

Ordningane omfattar områda naturforvaltning,
kulturminnevern, forureining og byutvikling

Føreord

Rundskrivet gir ei samla orientering om Miljøverndepartementet sine tilskotsordningar. Miljøvernstyresmaktene set årleg i verk ei rad tiltak for å betre miljøtilstanden i Noreg. Det er oppnådd mykje i det nasjonale miljøvernarbeidet dei siste åra, men ein står framleis overfor store utfordringar. For å lykkast med miljøvernarbeidet må styresmaktene samarbeide med andre aktørar. Ein brei medverknad frå stat og kommune, private verksemdar, organisasjonar og einskildpersonar må til om ein skal løyse morgondagen sine miljøutfordringar. For å stimulere til ein slik brei medverknad gir Miljøverndepartementet ymse former for stønad og tilskot til tiltak som blir sette i verk av kommunar, organisasjonar og private verksemdar.

Miljøverndepartementet gir i rundskrivet samla informasjon om dei fleste av miljøvernstyresmaktene sine tilskotsordningar. Rundskrivet omhandlar dei statlege tilskotsordningane for kommunar og private verksemdar, og det blir gitt ein nærare omtale av kva for retningslinjer, søknadsfristar, kriterium o.a. som gjeld for den einskildde tilskotsordninga i rundskrivet. Nærare råd og rettleiing kan ein og få ved å ta kontakt med fylkesmannen (adresseliste bak i rundskrivet.)

Vi tek atterhald om at Stortinget vedtek alle ordningane.

Oslo, oktober 2002

Med helsing

A handwritten signature in black ink, reading "Børge Brende". The signature is written in a cursive, flowing style.

Miljøvernminister

Innhold

Føreord	3
1. Tilskot til naturforvaltningstiltak	7
1.1 Kommunal overvaking og kartlegging av biologisk mangfald (Kap. 1410 post 60)	7
1.2 Tilskot til kommunale vilttiltak (Kap. 1425 post 61)	7
1.3 Tilskot til fiskeformål (Kap. 1425 post 70)	8
1.4 Tilskot til viltformål (Kap. 1425 post 71)	10
1.5 Tilskot til kalking og lokale fiskeformål (Kap. 1427 post 70)	11
1.6 Tilskot til friluftslivstiltak (Kap. 1427 post 74)	14
1.7 Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde (Kap. 1427 post 30) .	15
1.8 Tiltak i naturvern-, kulturlandskaps- og friluftsområde (Kap. 1426 post 31)	16
1.9 Tilskot til naturoppsyn (Kap. 1426 post 70)	17
2. Tilskot til kulturminnetiltak	18
2.1 Tilskot til kulturminnetiltak (Kap. 1429 post 50, 72 og 73)	18
2.2 Post 50 Tilskot til samisk kulturminnevernarbeid (Kap. 1429, post 50 ny)	21
2.3 Tilskot til vern og sikring av freda og verneverdige bygningar (Kap. 1429 post 72.2)	21
2.4 Tilskot til mellomalderbygningar og anlegg (Kap. 1429 post 72.3)	22
2.5 Tilskot til kystkultur og fartøyvern (Kap. 1429 post 72.4)	22
2.6 Tilskot til kulturlandskap (Kap. 1472 post 72.5)	23
2.7 Tilskot til skjøtsel av automatisk freda kulturminne (Kap. 1429 post 72.6)	24
2.8 Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne og miljø (Kap. 1429 post 72.8)	25
2.9 Tilskot til forvaltning og vedlikehald av kulturminne på World Heritage List, nasjonale oppgaver (Kap. 1429 post 72.9)	25
2.10 Tilskot til brannsikring og beredskapstiltak (Kap. 1429 post 73)	26
3. Tilskot og låneordningar til forureiningsområde	27
3.1 Tilskot til heilskapleg vassforvaltning (Kap. 1441 post 65)	27
3.2 Tilskot til biloppsamlingssystemet (Kap. 1441 post 73)	29
3.3 Utbetaling av pant for bilvrak (Kap. 1441 post 75)	30
3.4 Refusjon av smøreoljeavgiften (Kap. 1441 post 76)	30
3.5 Refusjonsordningar for trikkloreten (TRI) (Kap. 1441 post 76)	31
3.6 Tilskot til lokalt miljøvern (Kap. 1400 post 60)	31

4.	Tilskot til by- og tettstadsutvikling	32
4.1	Tilskot til miljøvenleg byutvikling (Kap. 1400 post 75)	32
5.	Tilskot til internasjonalt samarbeid, luftmiljø og polarforvaltning	34
5.1	Tilskot til internasjonale organisasjonar (Kap. 1400 post 71)	34
5.2	Tilskot til miljøverntiltak i nordområda (Kap. 1400 post 72) (Kap. 1470 post 71)	34
5.3	Tilskot til AMAP (Kap. 1400 post 74)	34
5.4	Tilskot til internasjonale miljøtiltak og nasjonale energitiltak (Kap. 1400 post 76)	34
5.5	Tilskot til miljøtiltak til nikkilverka på Kola (Kap. 1400 post 78)	35
5.6	Stipend (Kap. 1471 post 50)	35
6.	Driftstilskot til friviljuge miljøvernorganisasjonar	35
6.1	Driftstilskot til friviljuge miljøvernorganisasjonar (Kap. 1400 post 70) ...	35
7.	Søknadsskjema	37
8.	Adresseliste	38

1 Tilskot til naturforvaltningstiltak

1.1 Kommunal overvaking og kartlegging av biologisk mangfald (Kap. 1410 post 60)

1.1.1 Mål for ordninga og målgruppe

Målet med tilskotsordninga er å stimulere til kartlegging og verdiklassifisering av biologisk mangfald i kommunane. Data frå kartlegginga danner eit viktig grunnlag for det nye forvaltningssystemet for biologisk mangfald som Stortinget slutta seg til i Inst.S.nr.206 (2001-2002). Målgruppe for ordninga er kommunane.

1.1.2 Kva for tiltak kan få tilskot

Tilskot blir gitt til kartlegging av biologisk mangfald i kommunane. Det er ein føresetnad at kartlegginga blir lagt opp etter dei retningslinjer som er gitt gjennom handbøker og anna informasjon frå Direktoratet for naturforvaltning og Fylkesmannen.

Tilskot blir gitt med inntil 50% av kostnadene ved tiltaket.

1.1.3 Kor skal søknaden sendast

Søknader skal sendast til fylkesmannen.

1.1.4 Søknadsfrist og sakshandsaming

Søknadsfristen er 15. januar 2003. Fylkesmannen handsamar søknadene innafor ei budsjettramme fastsett av Direktoratet for naturforvaltning. Sjølv godt kvalifiserte søknader kan bli heilt eller delvis avslått på grunn av låge budsjettmidlar. Alle søkjarar skal få svar innan 15. mars 2003.

1.1.5 Krav til innhald i søknaden

Søknadsskjema A-03 skal nyttast.

Rett utfylling av dette skjemaet oppfyller krava til kva søknaden skal innehalde.

1.2 Tilskot til kommunale vilttiltak (Kap. 1425 post 61)

1.2.1 Mål for ordninga og målgruppe

Målet med tilskotsordninga er å medverke til ei god gjennomføring av viltforvaltningsoppgåver i kommunane. Målgruppe for ordninga er kommunane.

1.2.2 Kva for tiltak kan få tilskot

Tilskot kan gis til praktiske oppgåver innan viltarbeid i kommunane, herunder også viltkartlegging. Det gis ikkje tilskot til administrative utgifter (møtegodtgjersle, kostgodtgjersle, reiseogtdtgjersle, sekretærgodtgjersle). Delfinansiering

av nødvendig kompetansegivande etter- og vidareutdanning i viltforvaltning i regi av anerkjente utdanningsinstitusjonar kan også støttast. Tiltak knytt til arbeid med driftsplanar tilleggast vekt og oppgåver som byggjer på interkommunalt samarbeid blir prioriterte. Søknader frå kommunar med dårleg innteningsevne til det kommunale viltfond, skal prioriterast.

1.2.3 Kor skal søknaden sendast

Søknaden skal sendast til fylkesmannen.

1.2.4 Søknadsfrist og sakshandsaming

Søknadsfristen er 15. januar 2003. Fylkesmannen handsamar søknadene innafør ei budsjetttramme fastsett av Direktoratet for naturforvaltning. Alle søkjarar skal få svar innan 15. mars 2003.

1.2.5 Krav til innhald i søknaden

Søknadsskjema A-03 skal nyttast.

Rett utfylling av dette skjemaet oppfyller krava til kva søknaden skal innehalde.

1.3 Tilskot til fiskeformål (Kap. 1425 post 70)

1.3.1 Mål for ordninga og målgruppe

Målet for tilskotsordninga er at midlane frå fondet skal nyttast til forvaltning og tiltak knytt til bærekraftig bruk av dei utnyttbare bestandane av laks, sjøaure, sjørøye til beste for fiskarar og dei som har fiskeretten, under dette investeringar, særskilte driftsutgifter til fiskefremjande føremål, andvend forskning og overvaking. Midlane kan og nyttast til tiltak som er direkte retta mot rekruttering eller stimulering til laksefisket.

Målgruppe for ordninga er private organisasjonar og lag, til dømes fiskelag, grunneigarlag og jeger- og fiskarforeiningar. I tillegg kan forskingsinstitusjonar og landsdekkjande organisasjonar, og kommunar og interkommunale organ, søkje om tilskot.

1.3.2 Kva for tiltak kan få tilskot

Tiltak som kan få tilskot er

- kultiveringstiltak
- tiltak for å betre tilgangen til fiske for ålmenta og moglegheiter for fiske.
- tiltak retta mot rekruttering eller stimulering til laksefiske.
- forvaltningsrelaterte forskings-, utgreiings- og overvakingprosjekt som kan bidra til at fiskestammer blir bevarte og at fiskeressursane blir nytta betre.
- driftsplanlegging

Ein føresetnad for å gje tilskot til driftsplanlegging er at opplegget er i samsvar med rettleiingsmateriellet som Norske Lakseelver og Norges Skogeierforbund har gjeve ut. Vidare skal brukarorganisasjonane og offentleg forvaltning (vanlegvis kommunen) få høve til å delta aktivt i arbeidet.

Driftsplanlegging kan også finansierast med bygdeutviklingsmidlar, og prosjekt der ein kan oppnå samfinansiering vil bli prioriterte.

1.3.3 Kor skal søknaden sendast

Søknader frå organisasjonar og lag på kommunenivå skal sendast til kommunen. Søknader om tiltak som omfattar fleire kommunar skal sendast til ein av dei involverte kommunane. Søknader frå kommunar og organisasjonar på fylkesnivå skal sendast til fylkesmannen. Søknader frå forskingsinstitusjonar og sentralorgan i landsdekkjande organisasjonar skal sendast til Direktoratet for naturforvaltning.

1.3.4 Søknadsfrist og sakshandsaming

Søknadsfristen for lag og organisasjonar på kommunenivå er 15. desember 2002. Søknadsfristen for kommunar, lag og organisasjonar på fylkesnivå, og forskingsinstitusjonar og sentralorgan i landsdekkjande organisasjonar er 15. januar 2003.

Kommunen tek imot og vurderer søknader frå lokale lag og organisasjonar, og sender søknadene med ei tilråding om prioritering til fylkesmannen saman med eventuelle søknader frå kommunen sjølv eller på vegner av fleire kommunar. Fylkesmannen handsamar søknadene frå lokale lag og organisasjonar, kommunar og organisasjonar på fylkesnivå innafor ei budsjettamme fastsett av Direktoratet for naturforvaltning. Sjølv godt kvalifiserte søknader kan bli heilt eller delvis avslått på grunn av manglande budsjettmidlar. Direktoratet for naturforvaltning handsamar søknader frå forskingsinstitusjonar og sentralorgan i landsdekkjande organisasjonar. Alle søkjarar skal få svar innan 15. mars 2003.

1.3.5 Krav til innhald i søknaden

Fylkesmannen kan krevje at søknaden er basert på ein ferdig driftsplan eller stille som vilkår at driftsplan blir utarbeidd.

Dersom søknaden inneheld fleire prosjekt, må kvart prosjekt bli spesifisert.

Søknaden skal dokumentere at tiltak som inneber fysiske inngrep i naturen er i samsvar med godkjend kommunal plan, eller godkjend ved eit kommunalt vedtak før det blir søkt om tilskot.

Søknader om tilskot til tekniske fiskeforsterkingstiltak skal innehalde opplys-

ningar om området der tiltaket er lokalisert, mellom anna geografisk namn, vassdrag og arealkategori i kommuneplanen eller reguleringsplan.

Søknader om tilskot til fiskekultiveringstiltak og tekniske fiskeforsterkingstiltak må ha lagt ved løyve frå grunneigar, fråsegn frå kommunen og løyve frå fylkesmannen, jf. «Forskrift om tekniske fiskekultiveringstiltak og inngrep i vassdrag» av 18/12 1992.

Søknadsskjema A-03 skal nyttast.

Rett utfylling av dette skjemaet oppfyller krava til kva søknaden skal innehalde.

1.4 Tilskot til viltformål (Kap. 1425 post 71)

1.4.1 Mål for ordninga og målgruppe

Målet for tilskotsordninga er å bidra til ei god gjennomføring av viltforvaltningsoppgåver og tiltak i regi av sentrale og regionale styresmakter og enkeltpersonar, lag og organisasjonar, bl.a. å styrke arbeidet med driftsplanar i den lokale viltforvaltninga. Målgruppe for ordninga er private organisasjonar og lag, til dømes grunneigarlag og jeger- og fiskarforeiningar. I tillegg kan forskingsinstitusjonar og landsdekkjande organisasjonar søkje om tilskot. Tiltak i kommunar med dårleg innteningsevne til det kommunale viltfond, skal prioriterast.

1.4.2 Kva for tiltak kan få tilskot

Tilskot kan gjevast etter søknad. Kvalifiserte tiltak er til dømes:

- kartlegging og iverksetjing av tiltak der føremålet er betre bestandsoversyn, oppretting og drift av lokale samarbeidsråd
- rettshavarane sitt driftsplanarbeid
- FOU- og studentoppgåver
- tilrettelegging, organisering og informasjon om jakt og høve til jakt
- andre særleg prioriterte viltføremål

Søknader om tilskot til tiltak som er forankra i ein driftsplan vil bli prioriterte.

1.4.3 Kor skal søknaden sendast

Søknader på fylkesnivå skal sendast til fylkesmannen. Søknader frå forskingsinstitusjonar og sentralorgan i landsdekkjande organisasjonar skal sendast til Direktoratet for naturforvaltning.

1.4.4 Søknadsfrist og sakshandsaming

Søknadsfristen er 15. januar 2003.

Fylkesmannen handsamar søknadene på fylkesnivå innafor ei budsjetttramme fastsett av Direktoratet for naturforvaltning. Sjølv godt kvalifiserte søknader kan bli heilt eller delvis avslått på grunn av manglande budsjettmidlar. Direktoratet for naturforvaltning handsamar søknader frå forskingsinstitusjonar og sentralorgan i landsdekkjande organisasjonar. Alle søkjarar skal få svar innan 15. mars 2003. Søknader som blir handsama sentralt av Direktoratet for naturforvaltning kan kome til å få svar noko etter denne datoen, men skal som regel vere ferdig handsama innan 15. april.

1.4.5 Krav til innhald i søknaden

Dersom søknaden inneheld fleire prosjekt, må kvart prosjekt bli spesifisert.

Søknadsskjema A-03 skal nyttast.

Rett utfylling av dette skjemaet oppfyller krava til kva søknaden skal innehalde.

1.5 Tilskot til kalking og lokale fiskeformål (Kap. 1427 post 70)

1.5.1 Mål for ordninga og målgruppe

Målet med tilskotsordninga er å redusere negative effektar på det biologiske mangfaldet i vassdrag som følgje av sur nedbør og andre alvorlege menneskeskapte truslar, herunder å bevare og styrke naturlege fiskestammar m.a. som basis for hausting.

Målgruppe for ordninga er private organisasjonar og lag, til dømes grunneigarlag og jeger- og fiskarforeiningar. I tillegg kan forskingsinstitusjonar og landsdekkjande organisasjonar, kommunar og interkommunale organ søkje om tilskot.

1.5.2 Kva for tiltak kan få tilskot

Tiltak som kan få tilskot er

- kjøp av kalk
- transport og spreiding av kalk
- tekniske installasjonar for dosering av kalk
- analysar av vassprøver
- informasjon om effekt av utført tiltak og rettleiing om kalking i vatn og vassdrag
- fiskekultiveringstiltak og andre tiltak for å styrkje fiskebestandane i kalka vassdrag
- planlegging (kalkingsplanar og driftsplanlegging)
- andre tiltak mot uopprettelege skader og ville laksebestander

I vassdrag med anadrome laksefisk er betring av allmenta sitt tilgjenge til fiske eit vilkår for at tilskot skal bli gitt. Minstekravet til allmenn tilgjenge er 50 prosent av vassdraget, men vilkår om betring av allmenta sitt tilgjenge vil bli stilt også om

minstekravet er oppfylt ved søknadstidspunktet. Den allment tilgjengelege delen av elva skal vere representativ for det samla fisket i elva, dvs at ein skal ta omsyn til gode og dårlege fiskeplassar. I denne vurderinga skal ein ta utgangspunkt i elvestrekning og fangststatistikk.

1.5.3 Kor skal søknaden sendast

Søknader frå organisasjonar og lag på kommunenivå skal fremjast til kommunen. Søknader om tiltak som omfattar fleire kommunar skal sendast til ein av dei involverte kommunane. Søknader frå kommunar og organisasjonar på fylkesnivå skal sendast til fylkesmannen. Søknader frå forskingsinstitusjonar og sentralorgan i landsdekkjande organisasjonar skal sendast til Direktoratet for naturforvaltning

1.5.4 Søknadsfrist og sakshandsaming

Søknadsfristen for lag og organisasjonar på kommunenivå er 15. desember 2002. Søknadsfristen for kommunar, lag og organisasjonar på fylkesnivå, og forskingsinstitusjonar og sentralorgan i landsdekkjande organisasjonar er 15. januar 2003.

Kommunen tek imot og vurderer søknader frå lokale lag og organisasjonar, og sender søknadene med ei tilråding om prioritering til fylkesmannen saman med eventuelle søknader frå kommunen sjølv eller på vegner av fleire kommunar. Fylkesmannen handsamar søknadene frå lokale lag og organisasjonar, kommunar og organisasjonar på fylkesnivå innafor ei budsjettramme fastsett av Direktoratet for naturforvaltning. Sjølv godt kvalifiserte søknader kan bli heilt eller delvis avslått på grunn av manglande budsjettmidlar. Direktoratet for naturforvaltning handsamar søknader frå forskingsinstitusjonar og sentralorgan i landsdekkjande organisasjonar. Alle søkjarar skal få svar innan 15. mars 2003.

1.5.5 Krav til innhald i søknaden

I. Krav til identifikasjon av søkjar

- Namn, adresse, evt kontaktperson.
- Telefonnummer.
- Bank- eller postgirokontonummer, evt. organisasjonsnummer i Brønnøysundregistra.

II. Krav til fagleg omtale av prosjektet / tiltaket som det blir søkt om tilskot til:

- Mål med prosjektet, kven har nytte av prosjektet.
- Venta resultat.
- Korleis prosjektet er planlagt gjennomført.
- Samarbeidspartnarar.
- Framdriftsplan for prosjektet.
- Kva for faglege føresetnader søkjar har for å gjennomføre prosjektet.

III. Krav til økonomisk omtale av prosjektet:

Utgifter spesifisert på:

- Drift:
 - Løn inkl. arbeidsgjevaravgift
 - Forbruksmateriell
 - Reiser, transport, opphald
 - Konsulenthjelp
 - Husleige og andre leigeutgifter
 - Skattar, avgifter (anna enn arbeidsgjevaravgift)
- Investeringer:
 - varige driftsmidlar
 - anna
- Finansiering spesifisert på:
 - Miljøverndepartementet/fagdirektorat
 - Andre departement/direktorat
 - Tilskot frå kommunen
 - Anna spesifisering

Søknaden skal grunngi behovet for tiltaket (kjemisk og biologisk forsurningsutvikling og forsurningsstatus). Det skal opplysast om kva verknader ein ventar av tiltaket og om det trengst eventuelle fiskekultiveringstiltak. Søknaden skal også stadfeste at eit eventuelt fiske vil vere tilgjengeleg for publikum og klarleggje om tiltaket har positive verknader for friluftslivet. I tillegg skal søknaden gi eit oversyn over eventuelle andre forureiningskjelder og tekniske og fysiske inngrep knytt til vassdraget. Søknaden skal også innehalde kalkingstekniske vurderingar som effekt på nedstraums liggjande lokalitetar og tilrettelegging for maskinell kalking. Fylkesmannen kan krevje at søknaden er basert på ein ferdig driftsplan eller stille som vilkår at driftsplan blir utarbeidd.

Dersom søknaden gjeld vidareføring av eit eksisterande kalkingstiltak, skal ein rapport om status for dette tiltaket leggjast ved søknaden. Rapporteringsskjema kan ein få hos fylkesmannen.

Søknader frå lokale organisasjonar/lag og kommunar skal fremjast på eit eige søknadsskjema som ein får ved å vende seg til fylkesmannen.

1.6 Tilskot til friluftslivstiltak (Kap. 1427 post 74)

1.6.1 Mål for ordninga og målgruppe

Målet med tilskotsordninga er å bidra til stimuleringsiltak og haldningsskapande arbeid for friluftsliv. Ordninga er retta mot oppfølging av nasjonale målsetjingar for friluftsliv. Målgruppa for ordninga er lokale lag og organisasjonar, Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO), og eventuelle andre samskipnader av landsdekkjande, friviljuge organisasjonar med friluftsliv som arbeidsområde.

1.6.2 Kva for tiltak kan få tilskot

Kvalifiserte tiltak er:

- Tiltak som stimulerer nye grupper til deltaking i friluftslivsaktivitetar
- Tiltak retta mot barn og unge
- Tiltak som er direkte aktivitetsretta (framfor utvikling av informasjonsmateriell og kjøp av utstyr)
- Tiltak med ein plan for oppfølging (framfor eingongsarrangement)
- Tiltak som involverer samarbeid mellom organisasjonar og tiltak som byggjer opp viktige koordinerande funksjonar på regionalt nivå (barn og unge eller andre satsingsområde).

Vidare blir tiltak som rettar seg også mot andre enn organisasjonane sine egne medlemar prioriterte.

1.6.3 Kor skal søknaden sendast

Søknader frå organisasjonar og lag på kommunenivå skal sendast til kommunen. Søknader om tiltak som omfattar fleire kommunar skal sendast til ein av dei involverte kommunane. Søknader frå kommunar og organisasjonar på fylkesnivå skal sendast til fylkesmannen. Søknader frå sentralorgan i landsdekkjande organisasjonar skal sendast til Direktoratet for naturforvaltning.

1.6.4 Søknadsfrist og sakshandsaming

Søknadsfristen for lag og organisasjonar på kommunenivå er 15. desember 2002. Søknadsfristen for kommunar, lag og organisasjonar på fylkesnivå og sentralorgan i landsdekkjande organisasjonar er 15. januar 2003.

Kommunen tek imot og vurderer søknader frå lokale lag og organisasjonar, og sender søknadene med ei tilråding om prioritering til fylkesmannen saman med eventuelle søknader frå kommunen sjølv eller på vegne av fleire kommunar. Fylkesmannen handsamar søknadene frå lokale lag og organisasjonar, kommunar og organisasjonar på fylkesnivå innafor ei budsjettramme fastsett av Direktoratet for naturforvaltning. Sjølv godt kvalifiserte søknader kan bli heilt eller delvis avslått på grunn av eller: knappe budsjettmidlar. Direktoratet for naturforvaltning

handsamar søknader frå sentralorgan i landsdekkjande organisasjonar. Alle søkjarar skal få svar innan 15. mars 2003.

1.6.4 Krav til innhald i søknaden

Dersom søknaden inneheld fleire prosjekt, må kvart prosjekt bli spesifisert.

Søknadsskjema A-03 skal nyttast.

Rett utfylling av dette skjemaet oppfyller krava til kva søknaden skal innehalde.

1.7 Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde (Kap. 1427 post 30)

1.7.1 Mål for ordninga og målgruppe

For å sikre områder til friluftsliv skaffar det offentlege til veie areal ved erverv av eigedomsrett eller ved avtale om varig bruksrett (servitutavtale). Ein nærare omtale av ordninga er gitt i rettleiing til utfylling av søknadsskjemaet.

Det viktigaste føremålet med statleg midlar til sikring av friluftslivområder er å betre tilgjenge til friluftslivområder for allmenn bruk. Det er vidare ei målsetjing å bidra til at den norske turkulturen opprettheld og styrkjer sin posisjon som ei viktig aktivitetsform for store delar av befolkninga. Hovudmålet for friluftslivpolitikken er at friluftslivet skal styrkjast som ein helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenleg fritidsaktivitet.

Ordninga rettar seg mot kommunar og interkommunale friluftsråd, men dette bør ikkje hindre at lokale lag, organisasjonar m.m. tek initiativ overfor kommunar/friluftsråd om å fremje sikringssøknad.

1.7.2 Kva for tiltak som kan få midlar

Søknader som er handsama og prioriterte i ein kommunal prosess etter plan- og bygningslova vil bli prioriterte. Dette aukar sjansen for at ulike interesser er ivaretekne og at sikringa skjer som ledd i ein plan for utvikling av friluftslivtilbodet i kommunen.

Vidare vil areal som blir/vil bli intensivt bruka, og som bør leggjast tilrette for friluftslivsføremål, bli prioritert. Det er ønskeleg å sikre område som kjem store folkegrupper til gode.

I St meld nr 39 (2000-2001) «Friluftsliv – ein veg til høgare livskvalitet» går det fram at dei mest pressa områda langs kysten skal prioriterast. Nærområde og turvegar i og ved byar og tettstader har og høg prioritet.

1.7.3 Søknadsfrist og sakshandsaming

Søknad om statlege midlar til sikring av friluftslivsområder må fremjast for fylkesmannen på standard søknadsskjema (B-03) innan 15. januar 2003. Fylkesmannen sender søknadene vidare til Direktoratet for naturforvaltning med ei tilråding innan 1. mars 2003. Direktoratet handsamar søknadene og skal gje melding til søkjar om utfallet innan 15. juni 2003.

1.7.4 Villkår etter konsesjonslova

Konsesjonslova gir høve til å stille konsesjonsvilkår for å sikre allmenne friluftsliv interesser. Eventuelle slike vilkår blir fastsette av landbruksstyresmaktene. Slike vilkår kan gå ut på forbod mot ytterlegare bygging og/eller høve til å leggje til rette for publikum (fortøyingsinnretningar for båtar, søppelstativ, toalett, anlegg av sti/turveg m.v.). Det kan også setjast vilkår om at delar av eigedomen skal avhendast til kommunen eller staten v/Direktoratet for naturforvaltning. I fall slike vilkår vil kunne føre med seg kostnader for staten, må vilkåra godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

For at Direktoratet for naturforvaltning skal få høve til å tilrå vilkår i konsesjonsaker, må dette på førehand vere tilrådd av kommunen. Direktoratet for naturforvaltning ventar reknar med aktiv medverknad frå den aktuelle kommune i slike saker.

Slike saker kan fremjast for fylkesmannen/Direktoratet for naturforvaltning heile året; dei er altså ikkje avgrensa av dei ordinære tidsfristane for statleg tilskot.

1.8 Tiltak i naturvern-, kulturlandskaps- og friluftsområde (Kap. 1426 post 31)

1.8.1 Mål for ordninga

Ordninga skal dekkje dei utgiftene staten har i samband med å leggje til rette og skjøtte statlege naturvern- og friluftslivområde. Kommunar og interkommunale friluftsråd kan søkje, men ein friviljug organisasjon kan ta hand om den daglege drifta.

1.8.2 Kva for tiltak kan få tilskot

I område som er sikra med statlege friluftslivsmidlar kan staten gi midlar til å finansiere opparbeiding av området, tilrettelegging, vedlikehald og skjøtsel. Aktuelle tiltak er til dømes informasjonstavler, tilrettelegging for funksjonshemma, opparbeiding av turvegar og turstigar, plassar for parkering, toalett og renovasjonsordning, badebyggje, tilplanting og liknande. DN-handbok 3 «Naturvennlig tilrettelegging» og DN-handbok 4 «Friluftsområder – offentleg sikring og

forvaltning» gir rettleiing, idear og tips om arbeidet. Fylkesmannen (Miljøvern-avdelinga) kan og gi rettleiing om aktuelle tiltak.

1.8.3 Kor skal søknaden sendast

Søknaden skal sendast til fylkesmannen.

1.8.4 Søknadsfrist og sakshandsaming

Søknadsfristen er 15. januar 2003. Fylkesmannen handsamar søknadene og skal gi melding til søkjar om utfallet innan 15. mars 2003.

1.8.5 Krav til innhald i søknaden

Søknaden skal innehalde kva for statleg sikra friluftslivsområde det gjeld og skal innehalde ei skisse av tiltaket/tiltaka (kan vere skriftleg, teikningar er ikkje naudsynt), framdriftsplan og budsjett. Kommune/interkommunalt friluftsråd bør utarbeide fleirårige handlingsplanar for dei løpande driftsoppgåvene i dei statlege friluftslivområda.

Søknadsskjema A-03 skal nyttast.

Rett utfylling av dette skjemaet oppfyller krava til kva søknaden skal innehalde.

1.9 Tilskot til naturoppsyn (Kap. 1426 post 70)

1.9.1 Mål for ordninga

Målet med tilskotsordninga er å støtte opp om oppsynsaktivitet i regi av friviljuge organisasjonar der dette vil fungere som eit viktig supplement til aktivitet som blir utført av Statens naturoppsyn (SNO).

Målgruppa er friviljuge organisasjonar med arbeidsområde og kompetanse innafor det utvida oppsynsomgrepet, så som oppsyns- og kontrollverksemd, informasjon, fysisk tilrettelegging, skjøtsel og førebyggjande tiltak mot faunakriminalitet.

1.9.2 Kva for tiltak kan få tilskot

Tiltak som kan få tilskot er

- Planlegging og gjennomføring av naturoppsynsarbeid i felt.
- Oppsynsrelevante kompetanseutviklingstiltak.
- Utarbeiding av informasjons- og opplæringsmateriell.
- Oppbygging og vedlikehald av lokalt nettverk med kompetanse for oppsyns- og informasjonsoppgåver.
- Førebyggjande informasjons- og kompetansetiltak mot faunakriminalitet.
- Samarbeidsprosjekt mellom naturoppsynsverksemd i offentleg regi (SNO, FM,

politi, Statskog/Fjelltjenesten, fjellstyre, kommunar og liknande) og friviljuge organisasjonar.

1.9.3 Kor skal søknaden sendast

Søknaden skal sendast til Statens naturoppsyn (SNO).

1.9.4 Søknadsfrist og sakshandsaming

Søknadsfristen er 15. januar 2003. SNO handsamar søknadene, eventuelt etter å ha innhenta faglege råd og vurderingar hos fylkesmann og politimeister i det aktuelle geografiske område søknaden gjeld.

- SNO vurderer og prioriterer søknadene etter følgjande kriterium:
- Tiltak med fokus retta spesielt mot trua eller sårbare arter og område.
- Tiltak/prosjekt som er godt organiserte og som involverer eit lokalt nettverk.
- Konkrete samarbeidsprosjekt der fleire aktørar er involverte (fagleg og m.o.t. finansiering).
- Tiltak/prosjekt retta mot barn og ungdom.
- (Merknad: Er litt i tvil om dette er nødvendig som prioriteringskriterium, da dette jo uansett er en tilskuddpost til organisasjonene) Tiltak i regi av ideelle organisasjonar

Alle søkjarar skal få svar innan 15. mars 2003.

1.9.5 Krav til innhald i søknaden

Dersom søknaden inneheld fleire prosjekt, må kvart prosjekt bli spesifisert.

Søknadsskjema A-03 skal nyttast.

Rett utfylling av dette skjemaet oppfyller krava til kva søknaden skal innehalde.

2. Tilskot til kulturminnetiltak

2.1 Tilskot til kulturminnetiltak (Kap. 1429 post 50, 72 og 73)

2.1.1 Ein generell omtale

Det er Riksantikvaren som forvaltar tilskottsmidlane over post 72 og 73.

Riksantikvaren er eit direktorat for kulturminneforvaltninga og gjev råd og vegleiing i faglege spørsmål til Miljøverndepartementet. Sametinget forvalter tilskottsmidlane over post 50.

Hovudføremålet for kulturminneforvaltninga er at kulturminne og kulturmiljø blir verna, sikra, og nytta for framtida. Tilskottsmidlane må ein sjå i denne samanheng.

Tilskot skal gå til konkrete vernetiltak på bygningar og anlegg, kulturlandskap, automatisk freda arkeologiske kulturminne, kystkultur og fartøyvern, viktige nasjonale konserveringsoppgåver, verdsarvområda, samt brannsikring- og beredskapstiltak.

Postane kan og dekke kostnader i samband med å skaffe ny kunnskap mellom anna innafor fagområda bergkunst, samisk kulturminnevern og utvikling av byar og tettstader.

Eigar vil som hovudregel vere den som har ansvaret for gjennomføring av eit tiltak, men i einskilde høve kan det vere føremålstenleg at Riksantikvaren eller fylkeskommunen/Sametinget eller kommunane er ansvarleg i samarbeid med eigar.

Postane nyttast og til tilskot til mindre private tiltak som blir utløyst etter kml § 10 samt finnarløn

2.1.2 Kor skal søknaden sendast

Som hovudregel skal søknaden sendast fylkeskommunen som vurderer og prioriterer før dei sender søknaden til Riksantikvaren for handsaming. Ta kontakt med fylkeskommunen om ein har trong for meir informasjon. Søknad om tilskot til samisk kulturminnevernarbeid skal sendast Sametinget.

2.1.3 Søknadsfrist

For dei fleste underpostane er søknadsfristen til Riksantikvaren 31. desember 2002.

Unntak frå denne regelen blir omtala under den einskilde underposten. Fylkeskommunane kan ha ulike tidsfristar. Dei blir kunngjort i dagspressa.

2.1.4 Krav til innhald i søknaden

I. Krav til identifikasjon av søkjar

- Namn, adresse, evt kontaktperson.
- Telefonnummer.
- Bank- eller postgirokontonummer, evt. organisasjonsnr. i Brønnøysundregistra.

II. Krav til fagleg omtale av prosjektet / tiltaket som det vert søkt om pengar til:

- Mål med prosjektet, kven har nytte av prosjektet.
- Venta resultat.
- Korleis prosjektet er planlagt gjennomført.
- Samarbeidspartnarar.

- Framdriftsplan for prosjektet.
- Kva for faglege føresetnader søkjar har for å gjennomføre prosjektet, eventuelt om søkjar har sørgt for at prosjektet kan gjennomførast på ein fagleg forsvarleg måte.

III. Krav til økonomisk omtale av prosjektet:

Utgifter spesifisert på:

Drift:

- Løn inkl. feriepengar og arbeidsgjevaravgift
- Forbruksmateriell
- Reiser, transport, opphald
- Konsulenthjelp
- Husleige og andre leigeutgifter
- Skattar, avgifter (anna enn arbeidsgjevaravgift)

Investeringar:

- Varige driftsmidlar
- anna

Finansiering spesifisert på:

- Miljøverndepartementet/fagdirektorat
- Andre departement/direktorat
- Tilskot frå kommunen/fylkeskommunen
- Anna spesifisering

Det må være samsvar mellom budsjetteringa og søknadssummen.

Søknaden må også innehalde ei utgreiing om søkjaren har tenkt å føre vidare tiltaket når prosjektstøtta fell bort. Den må også gjere greie for korleis ein vil rapportere og formidle resultat og erfaringar til aktuelle brukarar, gjerne i samarbeid med andre og i popularisert form. Dersom søknaden inneheld fleire prosjekt, må kvart prosjekt bli spesifisert.

Dersom søkjaren er ein organisasjon/institusjon, må søknaden vere forankra i leiinga for organisasjonen/institusjonen. Dersom ei verksemd er mottakar av tilskot til drift, må ho kunne leggje fram vedtekter, statuttar e.l. og organisasjonsplan eller oversikt over styringsstrukturen i verksemda.

Omtale av dei einskilde underpostane

2.2 Post 50 Tilskot til samisk kulturminnevernarbeid (Kap. 1429, post 50 ny)

Tilskotsordninga skal ivareta dei overordna kulturminnefaglege omsyna i arbeidet med samiske kulturminne og kulturmiljø. Midlane skal i hovudsak bli nytta til større vedlikehalds- og restaureringsarbeid.

2.2.1 Kor skal søknaden sendast

Søknadene skal sendast til Sametinget, Miljø- og kulturvernavdelinga, 9840 Varangerbotn. Sametinget svarer og på spørsmål om ordninga.

2.3 Tilskot til vern og sikring av freda og verneverdige bygningar (Kap. 1429 post 72.2)

2.3.1 Mål for ordninga og målgruppe

Tilskot skal medvirke til vern og sikring av freda og verneverdige bygningar og anlegg. Midlane nyttast til større vedlikehalds- og standsetjinga på kulturminner av nasjonal verdi.

Målgruppe er eigarar og forvaltarar av freda eller verneverdige bygningar og anlegg. Unntak frå dette er kulturminne og kulturmiljø som staten eig. Eigar og forvaltar kan vere privatpersonar, stiftingar, styret i foreining/organisasjon/sameige, kyrkjesokn, sokneråd, frivilljuge organisasjonar eller liknande.

Riksantikvaren kan sjølv initiere viktige tiltak innafor særlege satsingsområde. Det er også mogleg for fylkeskommunane på vegne av eigarar å søkje om middel til større oppgåver for kulturminne som har nasjonal verdi.

2.3.2 Tiltak som kan få tilskot

Tilskot skal nyttast til vedlikehald, oppgradering, istandsetjing og restaurering av freda og verneverdige bygningar, store oppgåver av nasjonal verdi og tiltak i samband med nye fredingssaker. Det blir lagt vekt på utvikling av handverkskompetanse og bruk av tradisjonelle handverksteknikkar og materialar.

2.3.3 Kor skal søknaden sendast

Sjå punkt 2.1.2 ovanfor.

2.3.4 Søknadsfrist

Sjå punkt 2.1.3. ovanfor.

2.3.5 Krav til innhald i søknaden

Sjå punkt 2.1.4 ovanfor.

2.4 Tilskot til mellomalderbygningar og anlegg (Kap. 1429 post 72.3)

2.4.1 Mål for ordninga og målgruppe

Tilskot skal brukast til å verne og sikre automatisk freda bygningar og ruinar frå mellomalderen, inkludert stavkyrkjer.

Målgruppe er eigarar og forvaltarar av bygningar og ruinar frå mellomalderen. Eigar og forvaltar kan vere privatpersonar, stiftingar, styret i foreining/organisasjon/sameige, kommunar, kyrkjjesokn, sokneråd, friviljuge organisasjonar eller liknande.

Riksantikvaren kan sjølv initiere viktige tiltak innafor særlege satsingsområde.

2.4.2 Tiltak som kan få tilskot

Tilskot skal nyttast til istandsetjing, vedlikehald og konservering av automatisk freda bygningar og ruinar frå mellomalderen. Det blir lagt vekt på utvikling av handverkskompetanse og bruk av tradisjonelle handverksteknikkar og materialar.

2.4.3 Kor skal søknaden sendast

Søknaden skal sendast Riksantikvaren.

2.4.4 Søknadsfrist

Søknadsfristen til Riksantikvaren er 31. desember 2002. Sjå punkt 2.1.3. ovanfor.

2.4.5 Krav til innhald i søknaden

Sjå punkt 2.1.4 ovanfor.

For ruinar stiller Riksantikvaren krav om at ein plan for skjøtselen skal lagast. Riksantikvaren kan hjelpe til med å utarbeide ein slik plan.

2.5 Tilskot til kystkultur og fartøyvern (Kap. 1429 post 72.4)

2.5.1 Mål for ordninga og målgruppe

Tilskot skal medvirke til vern, sikring og istandsetjing av eit representativt utval faste kulturminne langs kysten, og eit representativt utval fartøy.

Målgruppe er eigarar og forvaltarar av freda eller verneverdige kulturminne og kulturmiljø langs kysten og av verneverdige fartøy. Unntak frå dette er kulturminne og kulturmiljø som staten eig.

Eigar og forvaltar kan vere privatpersonar, stiftingar, styret i foreining/organisasjon/sameige, friviljuge organisasjonar eller liknande.

2.5.2 Tiltak som kan få tilskot

Tilskotsordninga er todelt:

- Tilskot blir gitt for å sikre og setje i stand eit representativt utval faste kulturminne langs kysten og eit representativt utval fartøy som inngår i verneplanar, eller som blir vurderte å ha høg verneverdi.
- Tilskot blir gitt som medverking til drift av utvalde sentra for fartøyvern, slik at desse kan utøve verksemda etter føremålet.

Det blir lagt vekt på å bruke tilskota til konkrete tiltak knytt til sikring og istandsetjing, og til forvaltning, drift og vedlikehald etter antikvariske retningslinjer. Bruk av tradisjonelle materialar, teknikkar, handverk, dessutan opplæring og kunnskapsoppbygging, er viktige grunnar for tildeling av tilskot.

2.5.3 Kor skal søknaden sendast

Søknad som gjeld kystkultur, sjå punkt 2.1.2 ovanfor. Søknad som gjeld fartøyvern skal sendast til Riksantikvaren for vurdering og prioritering.

2.5.4 Søknaadsfrist

Søknaadsfristen til Riksantikvaren er 31. desember 2002. Sjå punkt 2.1.3. ovanfor.

2.5.5 Krav til innhald i søknaden

Sjå punkt 2.1.4. ovanfor.

2.6 Tilskot til kulturlandskap (Kap. 1472 post 72.5)

2.6.1 Mål for ordninga og målgruppe

Tilskot skal medvirke til å sikre og skjøtte verdifulle kulturlandskap og kulturmiljø. Ordninga skal bidra til å halde i hevd, tilretteleggje eller setje i stand område der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng. Tilskot blir gitt til private eigarar og forvaltarar som kan vere privatpersonar, stiftingar, styret i foreining/organisasjon/sameige, lokal og regional forvaltning, friviljuge organisasjonar eller liknande.

2.6.2 Tiltak som kan få tilskot

Tilskot skal primært nyttast til praktiske forvaltningstiltak for å setje i stand, skjøtte og sikre kulturlandskap. Tiltaka bør medverke til å utvikle prinsipp og modellar for god forvaltning. Ein vil prioritere prosjekt som gir effekt med omsyn til utvikling, samordning eller samspel, og prosjekt som har overføringsverdi.

2.6.3 Kor skal søknaden sendast

Sjå punkt 2.1.2 ovanfor.

2.6.4 Søknadsfrist

Søknadsfristen til Riksantikvaren er 31. desember 2002. Sjå punkt 2.1.3. ovanfor.

2.6.5 Krav til innhald i søknaden

Sjå punkt 2.1.4. ovanfor.

2.7 Tilskot til skjøtsel av automatisk freda kulturminne (Kap. 1429 post 72.6)

2.7.1 Mål for ordninga og målgruppe

Tilskot skal nyttast til vern/ vedlikehald av automatisk freda arkeologiske kulturminne, inkludert sikring av bergkunst. Målgruppe er fylkeskommunane, dei arkeologiske landsdelsmusea og forskingsinstitusjonar.

Tilskot skal og nyttast til heil eller delvis dekking av utgifter til arkeologiske utgravingar knytt til mindre private tiltak (jf. kml § 10) samt finnarløn

2.7.2 Tiltak som kan få tilskot

Tilskot skal nyttast til skjøtsel av automatisk freda arkeologiske kulturminne, mellom anna sikring av bergkunst og utvikling av kunnskap. Midlane nyttast og til å dekke tilskot til tiltakshavere jf. kml § 10.

2.7.3 Kor skal søknaden sendast

Søknaden skal sendast Riksantikvaren.

2.7.4 Søknadsfrist

Når det gjeld søknad om støtte til heil eller delvis dekking av arkeologiske undersøkingar og finnarløn, kan ein søkje heile året.

For andre tiltak er søknadsfristen til Riksantikvaren er 31. januar 2003. Jf. punkt 2.1.3 ovanfor.

2.7.5 Krav til innhald i søknaden

Sjå punkt 2.1.4. ovanfor.

For søknader om tilskot til skjøtsel stiller Riksantikvaren krav om at ein plan skal lagast. Riksantikvaren kan gje råd i samband med å utarbeide ein slik plan.

2.8 Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne og miljø (Kap. 1429 post 72.8)

2.8.1 Mål for ordninga og målgruppe

Tilskotsordninga er todelt:

- medverknad til å sikre og setje i stand eit representativt utval tekniske og industrielle kulturminne
- medvirke til drift av utvalde anlegg slik at desse kan utøve verksemda etter føremålet.

Målgruppe er eigarar og forvaltarar av freda og verneverdige kulturminne av teknisk/industrielt slag. Eigar og forvaltar kan vere privatpersonar, stiftingar, styret i foreining/organisasjon/sameige, kommunar, friviljuge organisasjonar eller liknande.

2.8.2 Tiltak som kan få tilskot

Tilskot blir gitt til utvalde kulturminne som inngår i verneplanar, eller som blir vurderte å ha høg verneverdi, og til drift av utvalde anlegg slik at desse kan utøve si verksemd etter føremålet. Det blir lagt vekt på å bruke tilskotsmidlane til konkrete tiltak til sikring og istandsetjing, og til forvaltning, drift og vedlikehald etter antikvariske retningslinjer. Bruk av tradisjonelle materialar, teknikkar og handverk, dessutan opplæring og kunnskapsoppbygging, er viktige grunnar for tildeling. Heilskaplege miljø med bygningar, anlegg og produksjonsutstyr blir prioriterte. Er det mogleg med tilrettelegging og formidling for publikum, blir dette tillagt vekt. Tiltaka skal gjerast i samarbeid med kulturstyresmaktene.

2.8.3 Kor skal søknaden sendast

Sjå punkt 2.1.2. ovanfor.

2.8.4 Søknadsfrist

Sjå punkt 2.1.3. ovanfor.

2.8.5 Krav til innhald i søknaden

Sjå punkt 2.1.4. ovanfor.

2.9 Tilskot til forvaltning og vedlikehald av kulturminne på World Heritage List, nasjonale oppgåver (Kap. 1429 post 72.9)

2.9.1 Mål for ordninga og målgruppe

Tilskot skal nyttast til sikring og istandsetjing av kulturminne og kulturmiljø som er innskrivne på lista til UNESCO over verdsarven.

Målgruppe for ordninga er eigarar og forvaltarar av slike kulturminne som er nemnde ovanfor. Eigar og forvaltar kan vere privatpersonar, kommunar, fylkeskommunar, stiftingar, styret i foreining/organisasjon/sameige, friviljuge organisasjonar eller liknande.

Riksantikvaren kan sjølv initiere viktige tiltak. Det er også mogleg for fylkeskommunane på vegne av eigarar å søkje om midlar til større oppgåver.

2.9.2 Tiltak som kan få tilskot

Tilskot blir gitt til prosjekt for sikring, istandsetjing, overvaking og andre naudsynte tiltak i verdsarvområde, i samsvar med tilrådingar i evalueringsrapport frå ICOMOS. Der det er mogleg bør tilskotsmidla kombinerast med ordningar for opplæring som kan heve kunnskapsnivået innan antikvarisk istandsetjing. Det blir lagt vekt på utvikling av handverkskompetanse og bruk av tradisjonelle handverksteknikkar og materialar.

2.9.3 Kor skal søknaden sendast

For Bryggen skal søknad sendast til Hordaland fylkeskommune ved Kulturetaten og for Røros til Røros kommune. Søknader for Urnes og Alta skal sendast til Riksantikvaren

2.9.4 Søknadsfrist

Søknadsfristen til Hordaland fylkeskommune og til Røros kommune blir opplyst av kommunane.

Søknadsfrist til Riksantikvaren er 31. desember 2002.

2.9.5 Krav til innhald i søknaden

Sjå punkt 2.1.4. ovanfor.

2.10 Tilskot til brannsikring og beredskapstiltak (Kap. 1429 post 73)

2.10.1 Mål for ordninga og målgruppe

Tilskot skal medvirke til å sikre utvalde kulturminne og kulturmiljø mot uventa øydelegging.

Målgruppe er eigarar og forvaltarar av freda eller verneverdige bygningar og anlegg. Eigar og forvaltar kan vere privatpersonar, kommunar, fylkeskommunar, stiftingar, styret i foreining/organisasjon/ sameige, kyrkjesokn, sokneråd, friviljuge organisasjonar eller liknande. Riksantikvaren kan sjølv initiere viktige tiltak innafør dette området.

2.10.2 Tiltak som kan få tilskot

Tilskot skal nyttast til etablering av sikring eller drift av sikringsanlegg i utvalde kulturminne eller kulturmiljø. Drift, vedlikehald og oppgradering av sikringsanlegg ved stavkyrkjene og tilskot til prosjekt som har relevans for brannsikring av andre verdifulle kulturminne eller kulturmiljø, vil bli prioriterte.

2.10.3 Kor skal søknaden sendast

Søknad skal sendast Riksantikvaren.

2.10.4 Søknadsfrist

Sjå punkt 2.1.3. ovanfor.

2.10.5 Krav til innhald i søknaden

Sjå punkt 2.1.4. ovanfor.

3. Tilskot og låneordningar til forureiningsområde

3.1 Tilskot til heilskapleg vassforvaltning (Kap. 1441 post 65)

3.1.1 Mål for ordninga

Formålet med ordninga er å bidra til å betre miljøkvaliteten i og ved norske vassdrag og kystnære områder.

3.1.2 Målgruppe

Målgruppa for tilskot over denne posten vil først vere kommunar som setter i gang prosjekt knytt til rammedirektivet for vassforvaltning. Prosjekt med ei tilsvarande heilskapleg tilnærming til vassforvaltninga kan òg i særlege tilfelle bli omfatta av tilskotsordninga.

3.1.3 Kva for tiltak kan få tilskot

Ved fordeling av tilskot vil forsøksprosjekt knytt til innføring av rammedirektivet for vassforvaltning bli prioriterte. Dette omfattar m.a. utpeiking av ansvarleg styresmakt i nedbørfeltdistrikta, fastsetjing av miljømål, framlegg til tiltak og utarbeiding av forvaltningsplanar.

Ein føresetnad for tilskot er at kommunen utarbeider ein prosjektplan, og at denne planen er handsama i kommunen sitt politiske organ. Planen skal utformast i samsvar med det som er nemnt i pkt. 1.6.

3.1.4 Kor skal søknaden sendast

Søknaden skal sendast til Statens forureiningstilsyn, som administrerer ordninga.

3.1.5 Søknadsfrist og sakshandsaming

Søknadsfristen er sett til 15. februar 2003.

3.1.6 Nærmare om krav til innhaldet i søknaden

(Merknad: Når det gjelder opprettet her, se også eksempel på s. 44)

I. Krav til identifikasjon av søkjar

- Namn, adresse, evt. kontaktperson
- Telefonnummer
- Bank- eller postgirokonto

II. Krav til fagleg omtale av prosjektet/tiltaket (prosjektplan) som det blir søkt om tilskot til

Mål med prosjektet og kven som har nytte av prosjektet

- Venta resultat
- Korleis prosjektet er planlagt gjennomført
- Samarbeidspartnarar.
- Framdriftsplan for prosjektet
- Kva for faglege føresetnader søkjar har for å gjennomføre prosjektet

III. Krav til økonomisk omtale av prosjektet:

Utgifter bør normalt spesifiserast i samsvar med kommunene sine regnskapsforskrifter. det bør skiljast mellom:

Driftsutgifter som bør spesifiserast på:

- Løn inkl. arbeidsgjevaravgift
- Forbruksmateriell
- Reiser, transport, opphald
- Konsulenthjelp
- Husleige og andre leigeutgifter
- Skattar, avgifter (anna enn arbeidsgjevaravgift)

Investeringar som bør spesifiserast på:

- varige driftsmidlar
- anna

Finansiering skal normalt spesifiserast på:

- Miljøverndepartementet/fagdirektorat
- Andre departement/direktorat
- Kommunen sine egne midlar. Eigeninnsats må gå fram av kostnadsoverslaget.
- Anna finansiering (spesifiserast).

Søknaden må også innehalde ein plan for korleis kommunen har tenkt å føre tiltaket vidare når tilskotet fell bort, og den må også dokumentere korleis den vil rapportere og formidle resultat og erfaringar til aktuelle brukarar, gjerne i samarbeid med andre og i popularisert form.

Dersom søknader inneheld fleire prosjekt, må kvart prosjekt bli spesifisert.

3.2 Tilskot til biloppsamlingsystemet (Kap. 1441 post 73)

3.2.1 Mål for ordninga

Målet for ordninga er å sikre forsvarleg innsamling og handsaming av bilvrak for heile landet.

3.2.2 Målgruppe

Oppsamlingsplassar som er godkjende av fylkesmannen og operatørane som driv pressing og transport av vraka etter avtale med Statens forureiningstilsyn, kan få tilskot.

3.2.3 Kva for tiltak kan få tilskot

Det blir gitt tilskot på 366,- kr pr. vrak for å gjennomføre pålagde miljøverntiltak i samband med mottak av vrak på oppsamlingsplassane.

Det blir og gitt tilskot til pressing og transport av vraka.

3.2.4 Kor skal søknaden sendast

Biloppsamlingsplassane sender sine vrakmeldingar til Oslo distriktstollstad. Presse- og transportoperatørane sender fakturaer på oppdrag som er utført til Statens forureiningstilsyn.

3.2.5 Søknadsfrist og sakshandsaming

Biloppsamlingsplassane sender den 1. og 15. kvar månad inn vrakmeldingane sine. Presse- og transportoperatørane sender ein gong i månaden inn fakturaer stadfesta av revisor på oppdrag som er utført.

3.2.6 Krav til innhald i søknaden

Godkjende biloppsamlingsplassar sin rett til å få tilskot følgjer av Stortinget si løyving. Vrakmeldingar er grunnlag for utbetaling. Fakturaene frå presse- og transportoperatørar dannar saman med prisen på shredderjern grunnlag for utbetaling av transporttilskot. Pressetilskotet blir avtala kvart tredje år på bakgrunn av avtalar inngått etter tilbod.

3.3 Utbetaling av pant for bilvrak (Kap. 1441 post 75)

Det er fastsett eiga forskrift om utbetaling av vrakpant («Forskrift om utbetaling av vrakpant for biler og beltemotorsyklar»).

3.3.1 Mål for ordninga

Målet for ordninga er å påverke bileigarane til å levere utrangerte bilar til godkjent oppsamlingsplass slik at bilvraka blir handsama på ein forsvarleg måte og kan gjenvinnast.

3.3.2 Målgruppe

Målgruppa er alle bileigarar.

3.3.3 Kva for tiltak kan få tilskot

Det blir utbetalt pant med 1500 kr for innlevering av bilvrak og beltemotorsyklar til godkjent oppsamlingsplass.

3.3.4 Kor skal søknaden sendast

Vrakpanten blir utbetalt av Oslo distriktstollstad på grunnlag av meldingar om mottekne vrak innsendt frå dei vel 130 oppsamlingsplassane i landet.

3.3.5 Søkndsfrist og sakshandsaming

Utbetaling av vrakpant skjer fortløpande.

3.3.6 Krav til innhald i søknaden

Rett til utbetaling følgjer av Stortinget si løyving. Meldingar om mottekne vrak er grunnlag for utbetaling.

3.4 Refusjon av smøreoljeavgiften (Kap. 1441 post 76)

3.4.1 Mål for ordninga

Målet for ordninga er å stimulere til auka innlevering av spillolje til godkjent handsaming.

3.4.2 Målgruppe

Refusjonen blir utbetalt til større mottaksanlegg (19 mottak i alt) som har førehandstilsegn om tilskot frå Statens forureiningstilsyn.

3.4.3 Kva for tiltak kan få tilskot

Det blir utbetalt ein refusjon pr. liter spillolje jfr. St.prp.nr.1 (2001-2002 Skatte-, avgifts- og tollvedtak, kap.5542, post 71 (d.v.s. smøreolje) som har krav på refusjon

og blir levert til godkjent handsaming. Frå 2000 blir det gitt ikkje berre refusjon til spillolje som stammar frå avgiftsbelagt smøreolje, men til all spillolje med unntak av spillolje som stammar frå skip i utanriksfart.

3.4.4 Oppfølging og kontroll

Oppfølginga ivaretekast gjennom statistikk over årleg innsamla spillolje. Refusjonen utbetalast til større mottaksanlegg (tankanlegg) med førehandstilsegn frå Statens forureiningstilsyn. I tilsegnet er det fastsett vilkår som refusjonsmottakar er forplikta til å følgje. Utbetalingsanmodninga kontrollerast i forhold til førehandstilsegnet.

3.5 Refusjonsordningar for trikloretten (TRI) (Kap. 1441 post 76)

3.5.1 Mål for ordninga

Målet for ordninga er å hindre utslepp til miljøet av TRI frå TRI-haldig avfall.

3.5.2 Målgruppe

Refusjonen blir utbetalt godkjent mottaksanlegg for spesialavfall eller godkjent gjenvinnar av TRI-haldig avfall, som betalar beløpet vidare til avfallsleverandøren.

3.5.3 Kva for tiltak kan få tilskot

Refusjonssatsen i 2001 er føreslått til 25 kr pr. kilo TRI. Refusjonen gjeld TRI som inngår i TRI-haldig avfall innlevert til godkjent spesialavfallsmottak eller til godkjent verksemd som driv gjenvinning med sikte på vidareasal. Berre TRI det er innbetalt avgift for gir krav på refusjon.

3.5.4 Kor skal søknaden sendast

Refusjonskrav kan fremjast av avfallsbesittar ved søknad til Statens forureiningstilsyn eller han som Statens forureiningstilsyn gjev slik myndigheit.

3.5.5 Krav til innhald i søknaden

Ved søknaden må avfallsbesittar leggja ved kopi av dokument som viser at det er betalt avgift for den mengde TRI som det krevst refusjon for (jf. forskrift av 06.12.99 FIN). Refusjon blir utbetalt kvart kvartal.

3.6 Tilskot til lokalt miljøvern (Kap. 1400 post 60)

3.6.1 Mål for ordninga

Føremålet med tilskotsordninga er å medvirke til auka fokus på lokalt miljøvern og stimulere til at kommunane utnyttar eksisterande handlingsrom på miljøvern-området på ein betre måte.

3.6.2 Målgruppe

Målgruppa er alle kommunar i landet.

3.6.3 Kva for tiltak kan få tilskot

Miljøverndepartementet vil informera kommunane om kva for tiltak som kan få tilskot og kven som vil fordele midlane.

4. Tilskot til by- og tettstadsutvikling

4.1 Tilskot til miljøvenleg byutvikling (Kap. 1400 post 75)

4.1.1 Mål for ordninga og målgruppe

Tilskotet skal medverke til å utvikle og stimulere til nye løysingar som fremjar miljøvenleg byutvikling og byforvaltning. Dette gjeld både tiltak i miljøbelasta område i byane og nye samarbeidsformer innan arbeidsfelt med mange aktørar og uavklarte ansvarsforhold. Midlane vil medverke til å setje i verk politikken for miljøvenleg by- og tettstadsutvikling, slik den framgår av St.meld. 23 (2001-2002) Bedre miljø i byer og tettsteder.

Målgruppa er næringslivet og frivillige organisasjonar når dei samarbeider med kommunane. Departementet gjer merksam på at dette ikkje er ei vanleg tilskotsordning, men midlar som berre skal nyttast til utviklingsarbeid i samband med pilotprosjekt i byer eller tettstader, der det er eller blir gjort ein eigen samarbeid-savtale med departementet.

4.1.2 Kva for tiltak kan få tilskot

Tilskot kan nyttast til tiltak i samband med pilotprosjekt der offentlege etatar, næringsliv og organisasjonar går saman om å prøve ut nye løysingar for å betre miljøforholda. Dette kan gjelda etablering av såkalla miljøsoner i miljøbelasta område i storbyane. Andre pilotprosjekt kan vere omforming av gamle byområde, til dømes i kollektivknutepunkt; samarbeid om drift og vedlikehald av sentrumsområde eller samarbeid med næringslivet om miljøvenlege arbeids- og teneste-reiser. Samarbeidet mellom staten og Oslo kommune om å betre miljøet i Groruddalen og nettverks- og kompetansebygging for utvikling av miljøvenlege og attraktive tettstader i distrikta, vil bli førte vidare i 2003.

4.1.3 Kor skal søknaden sendast

Søknad skal sendast Miljøverndepartementet v/Planavdelinga.

4.1.4 Søknadsfrist og sakshandsaming

Søknadsfrist til Miljøverndepartementet er 1. mars 2003.

Miljøverndepartementet avgjer kven som skal få tilskot, i samråd med kommunen som organisasjonen høyrer inn under.. Alle søkjarar skal få svar innan 1. juni 2003.

4.1.5 Krav til innhald i søknaden

I. Krav til identifikasjon av søkjar

- Namn, adresse og kontaktperson
- Telefonnummer
- Bank- eller postgirokontonummer, evt. organisasjonsnr. i Brønnøysundregistra

II. Krav til fagleg omtale av prosjektet/tiltaket som det blir søkt om pengar til:

- Mål med prosjektet, kven har nytte av prosjektet
- Venta resultat og tiltaket sin verdi for miljøvenleg by- og tettstadsutvikling
- Korleis prosjektet er planlagt gjennomført
- Samarbeidspartnarar
- Framdriftsplan for prosjektet

III. Krav til økonomisk omtale av prosjektet:

Utgifter spesifisert på:

Drift:

- løn inkl. arbeidsgjevaravgift
- forbruksmateriell
- reiser, transport, opphald
- konsulenthjelp
- husleige og andre leigeutgifter
- skattar, avgifter (anna enn arbeidsgjevaravgift)

Investeringar:

- varige driftsmidlar
- anna

Finansiering spesifisert på:

- Miljøverndepartementet/fagdirektorat
- andre departement/direktorat
- tilskot frå kommune
- eigen innsats
- anna spesifisering

Dersom søknaden inneheld fleire prosjekt, må kvart prosjekt spesifiserast.

5. Tilskot til internasjonalt samarbeid, luftmiljø og polarforvaltning

5.1 Tilskot til internasjonale organisasjonar (Kap. 1400 post 71)

5.1.1 Mål for ordninga

Løyvinga skal dekkje obligatoriske tilskot til internasjonale organisasjonar som Noreg deltek aktivt i. Tilskotsordninga er ikkje open for søknad.

5.2 Tilskot til miljøverntiltak i nordområda (Kap. 1400 post 72) (Kap. 1470 post 71)

5.2.1 Mål for ordninga

Løyvinga er oppretta for å styrkje miljøvernkompetansen retta mot nordområda og dekkjer følgjande:

A: Tilskot til drift av Polarmiljøsenderet A/S

B: Tilskot til FoU-verksemd (målgruppa her er samarbeidande forskingsinstitutt som er deltakarar i Polarmiljøsenderet)

Relevante tilskotsmottakarar blir tilskrivne.

5.3 Tilskot til AMAP (Kap.1400 post 74)

5.3.1 Mål for ordninga

Føremålet med løyvinga er å sikre vidareføring av det arktis miljøovervåkingsprogrammet (AMAP) gjennom tilskot til drift av stiftinga AMAP. Tilskotsordninga er ikkje open for søknad.

5.4 Tilskot til internasjonale miljøtiltak og nasjonale energitiltak (Kap.1400 post 76)

5.4.1 Målgruppe for begge ordninga

Målgruppa er ikkje-statlege nasjonale og internasjonale organisasjonar og mellomfolkelege organisasjonar. Tilskot kan også bli gitt til ikkje-statlege organisasjonar som bidreg til gjennomføring av nasjonale tiltak for å oppfylle Noreg sine internasjonale forpliktingar knytte til klimaendringar, ozon-nedbrytande stoff og grenseoverskridande luftforureiningar.

5.4.2 Mål for ordninga er

A: å styrkje arbeidet med miljøspørsmål som er særleg viktig for Noreg og å få gjennomslag for norske miljøvernpolitiske prioriteringar internasjonalt.

B: å bidra til at Noreg gjennom nasjonale tiltak oppfyller sine internasjonale

forpliktingar knytte til klimaendringar, ozonnedbrytande stoff og grenseoverskridande luftforureiningar.

Tilskot blir gitt av Miljøverndepartementet der det er særlege behov for å støtte tiltak. Karakteren av tilskotsordninga gjer at det ikkje er praktisk mogleg med ei kunngjering som dekkjer heile målgruppa.

5.5 Tilskot til miljøtiltak til nikkilverka på Kola (Kap. 1400 post 78)

5.5.1 Mål for ordninga

Føremålet med løyvinga er å sikre modernisering av nikkilverket i Petsjenga. Tilskotsordninga er ikkje open for søknad.

5.6 Stipend (Kap. 1471 post 50)

5.6.1 Mål for ordninga

Stipendmidlane skal auke kompetansen innanfor den norske polarforskninga. Midlane er eit viktig og effektivt verkemiddel for å stimulere norsk polarforskning på Svalbard. Midlane blir tildelt etter tilråding frå Noregs Forskringsråd på bakgrunn av Rådet sine kriterium for stipendtildeling.

6. Driftstilskot til friviljuge miljøvernorganisasjonar

6.1 Driftstilskot til friviljuge miljøvernorganisasjonar (Kap. 1400 post 70)

Denne tilskotsordninga er teke med i rundskrivet til orientering. Søknadsfristen for ordninga er 15. juni kvart år. Det er difor ikkje aktuelt å søkja tilskot frå denne ordninga frå budsjettet for 2003.

6.1.1 Mål for ordninga

Målet for tilskotsordninga er å bidra til å halde oppe ei breidde av demokratisk oppbygde, landsomfattande organisasjonar med miljøvern som hovudarbeidsfelt, for å sikre friviljug engasjement og styrkje medverknaden i miljøvernspørsmål lokalt og sentralt, basert på fagleg innsikt.

6.1.2 Målgruppe

Målgruppe for tilskotsordninga er landsomfattande medlemsorganisasjonar med demokratisk valte styringsorgan som har hovudformålet for si verksemd innafør

miljøvernforvaltninga sitt arbeidsområde. Organisasjonane må anten ha eit breitt medlemsgrunnlag eller ein fagleg spisskompetanse på miljøvernområdet.

6.1.3 Kor skal søknaden sendast

Søknaden skal sendast til Miljøverndepartementet. Søknaden skal sendast frå den sentrale leiinga i organisasjonen. Lokallag kan ikkje søkje departementet om tilskot frå denne posten.

6.1.4 Søknadsfrist og søknadshandsaming

Søknadsfristen for årlege driftstilskot er 15. juni året før det budsjettåret som ein søker om tilskot for. Neste søknadsfrist for driftstilskot frå denne posten er 15. juni 2003.

Handsaminga av søknadene skjer i samband med utarbeiding av statsbudsjettet for neste år. Innstillinga frå departementet blir trykt i St.prp.nr. 1. Det er Stortinget som gjer det endelege vedtaket om driftstilskota. Brev med tilsegn om driftstilskot blir sendt frå departementet i løpet av januar månad det året tilskotet gjeld for.

6.1.5 Krav til innhald i søknaden

Nærare krav til innhaldet i søknaden er fastsett i Regler for forvaltning av tilskott til drift av frivillige miljøvernorganisasjonar av 27. november 1998. Reglane kan ein få frå Miljøverndepartementet, O-avd. v/informasjonsrådgjevar Anne-Lise Haugeto.

7 Søknadsskjema

- Søknadsskjema for naturforvaltningstiltak er stifta inn i midten av rundskrivet: Søknadsskjema A-03.
- Søknadsskjema for sikring av friluftslivsområde er stifta inn i midten av rundskrivet: Søknadsskjema B-03
- Søknadsskjema som gjeld forureiningsordningar kan fåast ved å kontakte SFT.

8 Adresseliste

Fylkesmannen i	Besøksadresse/Postadresse.	Telefon/Telefax
Oslo/Akershus	Tordenskjoldsgt. 12 Boks 8111, Dep 0032 Oslo	22 00 35 00 22 00 35 35
Østfold	Vogtsgt. 17, 1502 Moss Pb 325, 1502 Moss	69 24 70 00 69 24 70 31
Hedmark	Parkveien 64, 2306 Hamar Pb 4034, Statens Hus, 2306 Hamar	62 54 40 00 62 55 10 01
Oppland	Storgata 170, 2626 Lillehammer Serviceboks, Statens hus, 2626 Lillehammer	61 26 60 00 61 26 61 67
Buskerud	Fylkeshuset, 3007 Drammen Pb 1604, 3007 Drammen	32 26 66 00 32 89 32 36
Vestfold	Statens Park, Anton Jensensgt. 6 Postboks 2076, 3103 Tønsberg	33 37 10 00 33 37 12 60
Telemark	Statens Hus, Gjerpensgt. 18, 3708 Skien	35 58 61 10 35 52 85 90
Aust-Agder	Serviceboks 606, Fylkeshuset, 4800 Arendal	37 01 75 00 37 01 76 10
Vest-Agder	Tinghuset, 4605 Kristiansand S Serviceboks 513, 4605 Kristiansand S	38 17 60 00 38 17 60 13
Rogaland	Lagårdsvn. 79, 4010 Stavanger Pb 59, Statens hus, 4001 Stavanger	51 56 87 00 51 56 88 11
Hordaland	Kaigt. 9. 5020 Bergen Statens hus, Postboks 7310, 5020 Bergen	55 57 20 00 55 27 20 09
Sogn og Fjordane	Skrivarvegen 3, 5842 Leikanger Pb 37, Tinghuset, 5842 Leikanger	57 65 50 00 57 65 50 55
Møre og Romsdal	Fylkeshuset, Julsundvn. 9, 6400 Molde	71 25 84 43 71 25 85 10
Sør-Trøndelag	Statens Hus Prinsensgt. 1, 7468 Trondheim	73 19 90 00 73 19 91 01
Nord-Trøndelag	Statens Hus Strandveien 38, 7700 Steinkjer	74 16 80 00 74 16 80 53
Nordland	Moloveien 10, 8000 Bodø	75 53 15 00 75 90 09 77
Troms	Strandveien 13, 9005 Tromsø	77 64 20 00 77 64 21 39
Finnmark	Statens hus, Damsvn. 1, 9800 Vadsø	78 95 03 00 78 95 03 07

Direktorat

Statens forurensningstilsyn

Strømsvn. 96,
PB 8100 Dep.,
0032 Oslo
tlf. 22 57 34 00
<http://www.sft.no>

Direktoratet for naturforvaltning

Tungasletta 2,
7485 Trondheim
tlf. 73 58 05 00
<http://www.dirnat.no>

Riksantikvaren

Dronningensgt. 13,
PB 8196 Dep.,
0034 Oslo
tlf. 22 94 04 00
<http://www.ra.no>

Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND)

Akersgt. 13,
PB 448 - Sentrum,
0104 Oslo
tlf. 22 00 25 00
<http://www.snd.no>

Utgitt av: Miljøverndepartementet

Fleire eksemplar av denne publikasjonen kan fås fra:

Statens forureiningstilsyn (SFT)

Postboks 8100 Dep, 0032 Oslo

Telefon: 22 57 34 00 Telefaks: 22 67 67 06

<http://www.sft.no/skjema.html>

Internettutgave av rundskrivet: <http://www.miljo.no>

Grafisk produksjon: www.kursiv.no

Opplag: 9 500 – Oktober 2002

Trykket på svanemerket og resirkulert papir

T-1/2002

